

Lærdal kommune

Postboks 83

6886 LÆRDAL

TILSYNSRAPPORT

Lærdal kommune

Lærdalsøyri skule

Tema:

Skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa:

Opplæring i og formidling av kompetansemål

Undervegsvurdering for å auke elevane sitt utbytte

Halvårsvurdering

Sak 2020/ 841

Innhald

Samandrag	3
1 Innleiing	5
1.1 Kort om kommunen	5
1.2 Om gjennomføringa av tilsynet	6
2 Skulens arbeid med elevanes utbytte av opplæringa	7
2.1 Opplæring i og formidling av kompetansemål	7
2.1.1 Rettslege krav	7
2.1.2 Fylkesmannens observasjonar, vurderingar og konklusjonar	7
2.2 Undervegsvurdering for å auke elevanes læringsutbytte	13
2.2.1 Rettslege krav	13
2.2.2 Fylkesmannens observasjonar, vurderingar og konklusjonar	13
2.3 Halvårsvurdering	19
2.3.1 Rettslege krav	19
2.3.2 Fylkesmannens observasjonar, vurderingar og konklusjonar	19
3 Pålegg om retting	23
3.1 Oppfølging av pålegga	24
4 Kommunen har rett til å klage	24
Vedlegg: Dokumentasjonsgrunnlaget	25

Samandrag

Vi fører tilsyn med Lærdal kommune og Lærdalsøyri skule.

Temaet for tilsynet er skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa.

Vi har avgrensa tilsynet til å gjelde tre deltema: Opplæring i og formidling av kompetansemål, undervegsvurdering for å auke elevane sitt utbytte og halvårsvurdering.

I det første deltemaet undersøker vi om rektor har bestemt ein fast framgangsmåte som sikrar at opplæringa samla dekker alle kompetansemåla i faga. Vi undersøker òg om rektor følgjer opp framgangsmåten i praksis.

I deltema to og tre undersøker vi rektor si oppfølging, det vi seie om rektor kontrollerer at lærarane følger skulens framgangsmåte.

Opplæring i og formidling av kompetansemål

Vi har gitt pålegg under dette deltemaet. Gjennom trinnvise oppfølgingsmøte har rektor planlagt å sikre at opplæringa dekker kompetansemåla i faga, men framgangsmåten er ikkje følgt opp, noko rektor òg kommenterer i eigenvurderingane.

Skulen har ein skriftleggjort framgangsmåte som viser både korleis elevane skal bli kjende med måla for opplæringa og kva som vert lagt vekt på ved vurderingane av kompetanse i fag. Då vi registrerer skilnader mellom dei aktuelle faga, er det også uklart om rektor følgjer opp framgangsmåten.

Undervegsvurdering for å auke elevane sitt utbytte

Vi har gitt pålegg under dette deltemaet.

Skulens framgangsmåte er å finne i det ein ved skulen kallar «tilsynsperm», som mellom anna inneheld framgangsmåte for opplæring i fag, malar for elev- og foreldresamtalar og halvårsvurdering. I eigenvurderingane svarar faglærarane ulikt på korleis dei gir tilbakemelding til elevane om kva dei meistrar og kva dei kan gjere for å bli betre. Vi finn òg at faglærarane svarar ulikt på korleis dei involverer elevane i eige læringsarbeid.

Då lærarane svarar ulikt, finn vi at det er uklart om rektor kontrollerer i kva grad lærarane nyttar skulens framgangsmåte.

Halvårsvurdering

Vi har gitt pålegg under dette deltemaet.

Halvårsvurdering utan karakter og med karakter er såpass nær i tid at vurderingsgrunnlaget vil vere likt og vi konkluderer med at skulens praksis er i samsvar med lovkravet.

Det er utarbeidd skjema for halvårsvurdering, men vi kan ikkje sjå i kva grad rektor kontrollerer lærarane sine halvårsvurderingar eller om han kontrollerer spesielle forhold i vurderingane. Vi

kan heller ikkje sjå om rektor har bestemt og om han kondolerer korleis lærarane sin informasjonen og rettleiing til elevane skal formidlast.

Kommunen fekk tilsendt førebels rapport og i tilbakemeldinga presiserte rektor at nokre innsendte dokument mangla i dokumentoversynet, og desse er no teke inn.

Lærdal kommunen har rettefrist til **12. oktober 2020**.

1 Innleiing

Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skular, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova kapittel 30.

I tilsyn kontrollerer vi om skolane oppfyller opplæringslova med forskrifter.

Dersom kommunen ikkje følgjer regelverket, kan vi påleggje retting.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova vert oppfylt, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Vi gir derfor eventuelle pålegg i tilsynet til kommunen. Dersom kommunen ikkje følgjer regelverket, kan Fylkesmannen påleggje retting etter at kommunen har fått ein frist for å rette regelverksbrota.

Våre tilsyn er offentlig myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentleglova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på [www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/](http://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/).

Når det gjeld metode for tilsyn etter opplæringslova, har Utdanningsdirektoratet utarbeidd eiga handbok som Fylkesmannen skal nytte. Handboka¹ ligg på Utdanningsdirektoratets nettsider.

1.1 Kort om kommunen

Lærdalsøyri skule er den største skulen i Lærdal kommune. Skulen er ein kombinert barne- og ungdomsskule med elevar på kvart årstrinn frå 1.-10. Skuleåret 2019-2020 er det til saman 206 elevar² ved skulen. Det er 69 elevar på 8.-10. klassetrinn.

I opningsbrevet av 21. januar 2020 opplyste vi kva vi ønsker å undersøke ved tilsynet og kvifor skulen er valt som tilsynsskule.

Fylkesmannen førte tilsyn med skulen i 2017 og 2018, og tilsynet vart avslutta i desember 2018. Temaet for tilsynet var skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa. Ved avslutting av tilsynet hadde vi ein del merknader og i samband med avslutting av tilsynet skriv vi følgjande:

Fylkesmannen har vurdert det som sannsynleggjort at kommunen har retta alle regelverksbrota som vi har gitt kommunen pålegg om å rette. Vi ber spesielt skuleeigar om å merke seg våre kommentarar under våre vurderingar, jf. opplæringslova § 13-10 om kommunens ansvar for at krava i opplæringslova og forskrift til opplæringslova blir oppfylte.

Då vi under fleire av pålegga kom med merknader, fann vi grunnlag for å gjennomføre eit nytt tilsyn med Lærdalsøyri skule.

¹ Metodehåndbok for tilsyn - en håndbok for tilsyn i metode for tilsyn etter barnehageloven og opplæringsloven.

² Utdanningsdirektoratet: Grunnskolens informasjonssystem (GSI) .

1.2 Om gjennomføringa av tilsynet

Vi opna tilsyn med Lærdal kommune i brev av 24. januar 2020. Kommunen vart pålagt å levere dokumentasjon til oss med heimel i opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova § 30-3.

Kommunen hadde frist til 1. mars 2020 for å levere eigenvurdering i RefLex³, dvs. frå rektor, lærarar på ungdomstrinnet i faga kunst og handverk, norsk og matematikk. Dette er dei same faga som i det førre tilsynet i 2017. Samstundes bad vi elevane på ungdomstrinnet å svare på eit enkelt spørjeskjema med åtte spørsmål om dei same faga. Eigenvurderingar, dokumentasjon og svar frå elevane vart levert innan fristen.

Temaet for tilsynet er skulens arbeid med elevanes utbytte av opplæringa. Under dette temaet er det fire deltema:

1. Opplæring i og formidling av kompetansemål, jf. opplæringslova § 2-3 fjerde ledd, jf. forskrift til opplæringslova §§ 1-1 og 3-1 fjerde ledd.
2. Undervegsvurdering for å auke elevane sitt utbytte, jf. forskrift til opplæringslova §§ 3-1 fjerde ledd og 3-2 første og andre ledd.
3. Halvårsvurdering, jf. forskrift til opplæringslova § 3-13 første ledd.
4. Undervegsvurdering for å vurdere om elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, jf. forskrift til opplæringslova § 3-11 fjerde ledd, jf. opplæringslova §§ 1-3 og 1-4 og barnekonvensjonen art. 3 og art. 12

Vi har avgrensa tilsynet til å kontrollere deltema 1, 2 og 3.

Under deltema 1 undersøker vi:

- Om rektor sikrar at skulen samla dekkar alle kompetansemåla,
- om rektor sikrar at lærarane oppfyller elevanes rett til å kjenne til måla for opplæringa, og kva som blir vektlagt i vurderinga av elevanes kompetanse.

Under deltema 2 undersøker vi:

- Om rektor følgjer opp at lærarane gir elevane tilbakemelding på kva dei meistrar, og rettleiar elevane om kva dei må gjere for å auke sin kompetanse,
- om rektor følgjer opp at lærarane involverer elevane i vurderinga av eige læringsarbeid.

Under deltema 3 undersøker vi:

- Om rektor følgjer opp at faglærarane frå og med 8. årstrinn gir elevane halvårsvurderinga utan karakter midt i opplæringsperioden og på slutten av opplæringsåret i fag som ikkje blir avslutta,
- om rektor følgjer opp at faglærarane i halvårsvurderinga gir elevane informasjon om elevanes kompetanse og rettleiing om korleis elevane kan auke kompetansen.

Denne tilsynsrapporten gjev ikkje ei heilskapsvurdering av skuleeigaren og opplæringsstaden. Rapporten omhandlar berre resultat knytt til temaet som er valt, og på det tidspunktet tilsynet er gjennomført.

³ Utdanningsdirektoratet: RefLex er eit verktøy for dei som jobbar med barnehage og skule, og ei hjelp til å reflektere rundt korleis ein arbeider med regelverket. <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/egenvurdering/reflex/>

Tilsynet var planlagt som eit stadleg tilsyn med intervju av skuleleiing, lærarar og elevar, men på grunn av koronasituasjonen våren 2020 valde vi å avgrense tilsynet til eit dokumenttilsyn. Vi bygger difor rapporten på innsendte eigenvurderingar og dokumentasjon via RefLex, og svar frå ungdomsskulelevane på vår spørjeskjemaundersøking. Vi undersøker særleg faga kunst og handverk, norsk og matematikk.

2 Skulens arbeid med elevanes utbytte av opplæringa

2.1 Opplæring i og formidling av kompetansemål

2.1.1 Rettslege krav

Rektor skal sikre at opplæringa samla dekkjer alle kompetansemåla

Lærarane skal gjennomføre opplæringa etter Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK06), jf. opplæringslova § 2-3, jf. forskrift til opplæringslova § 1-1. Rektor må organisere skulen slik at dette blir tatt i vare, jf. opplæringslova § 2-3. Elevane har rett til opplæring i samsvar med kompetansemåla som går fram av læreplanen. Rektor har ansvaret for at opplæringa dekkjer alle kompetansemåla. Det betyr at rektor må ha eit system for å fange opp kompetansemål som ikkje er gjennomgått, på eit tidspunkt som gjer det mogleg å ta dei igjen.

Rektor skal sikre at lærarane oppfyller eleven sin rett til å kjenne til måla for opplæring og kva som blir vektlagt i vurdering av eleven sin kompetanse

Eleven skal kjenne til kva som er måla for opplæringa, og kva lærarane vektlegg i vurderinga av elevens kompetanse, jf. forskrift til opplæringslova § 3-1. Det betyr at elevane må kjenne til kompetansemåla i læreplanen, og vite at dei er grunnlaget for vurderinga av eleven sin kompetanse. Dei skal også kjenne til kva læraren vektlegg når læraren vurderer eit arbeid. Rektor må organisere skulen for å sikre at lærarane formidlar dette til elevane og følgjer opp at det skjer.

2.1.2 Fylkesmannens observasjonar, vurderingar og konklusjonar

Kontrollspørsmål: Sikrar rektor at opplæringa samla dekkjer alle kompetansemåla?

Under dette kontrollspørsmålet undersøker vi rektors sikring, det betyr at rektor må ha bestemt ein fast framgangsmåte for korleis skulen skal oppfylle kravet om at opplæringa samla dekkje alle kompetansemåla i fag. Vidare må rektor følgje opp at framgangsmåten blir brukt i praksis.

Vår observasjon

I innsendt dokumentasjon⁴ står det mellom anna følgjande under pkt. 1a): «Rektor skal ha trinnvise oppfølgingsmøte med gjennomgang av planane for å sikre at alle kompetansemåla er med.

Rektor svarar bekreftande på spørsmål i RefLex om rektor legg til rette for at lærarane skal kome gjennom alle kompetansemåla. Rektor skriv følgjande i sin kommentar til spørsmålet om rektor legg til rette for at lærarane skal kome gjennom kompetansemåla: « (...) rektor har ikkje fått fylgt opp sin del av dette. Jobbar med å få rutinane på plass, viser til malar og rutinar for dei ulike områda.»

Rektor har sendt inn dagsplan for planleggingsmøte 15. august 2019. Eit punkt på planen gjeld årsplanar/halvårsvurderingar med påminning til lærarane: «Hugs malen og rutinar. Dei skal vere klar til første foreldremøtet.» Under møtet vart det minna på rutinar knytt til elevane si opplæring: « inspektør viste til «tilsynspermen» og (...) rutinar som gjeld vedkomande kartleggingar, tilbakemeldingar til PPT, vurdering og elevmedverknad. Permen skal vere eit verktøy i arbeidet vårt.»

På spørsmål om rektor følgjer opp at lærarane kjem gjennom alle kompetansemåla svarar rektor nei. I kommentaren forklarar rektor dette slik: «Lærarane lagar halvårsplanar/årsplanar som rektor kan gå inn å lese på heimesida. Ved skulestart 2018 vart det gjort endringar på malar og rutinar slik at ein sikra at alle kompetansemål kom med. I fleire fag vart det og utarbeidd lokale 2- og 3 års planar. Når faglærer lagar årsplan er kompetansemåla lagt inn, og samanlagt for dei tre åra i ungdomstrinnet er alle kompetansemåla kome med. Fag- og timefordelinga er lagt opp etter forskrifta. Når det er gått bort lærartimar, blir det lagt til rette for at klassen får att desse timane seinare. Som rektor har eg ikkje klart å gjennomføre oppfølgingsmøta. Viser til heimesida der de finn halvårsplanar/årsplanar.»

Lærarane i kunst og handverk, norsk og matematikk svarar alle brekreftane på spørsmål om dei alltid kjem gjennom alle kompetansemåla. I kommentarane skriv dei at ved å utarbeide 3-årsplanar vil dette kunne sikre at alle kompetansemåla i faga blir gjennomgått. Desse planane er elles grunnlaget for årsplanar i fag og vekeplanar. Lærargruppa i norsk skriv at dei har «(...) i tillegg pensumlister innafor kvart emne der kompetansemåla er med.»

Vår vurdering

Ved skulen er det lagt føringar for at lærarane skal lage trinnvise treårsplanar i fag. Innlevert dokumentasjon viser at skulen har utarbeidd treårsplanar i dei tre faga vi undersøker. I planane er kompetansemåla for hovudtrinnet oppført, korleis innhaldet er plassert på tid/årssteg, og arbeidsmåte/organisering og vurdering er omtalt. Tre-årsplanane skal vidare vere utgangspunkt for årsplanar og vekeplanar.

⁴ Lærdal kommune – Lærdalsøyri skule: Lærdalsøyri skule sitt arbeid med opplæring i fag.

Lovkravet er at rektor må bestemme framgangsmåte for å kontrollere og følge opp at elevane får opplæring som samla dekkjer alle kompetansemåla. Slik oppfølging kan skje på forskjellige måtar. Rektor kan sjå på lærarane sine planar og anna skriftleg arbeid, observere lærarane i opplæringa, og la kollegaer observere og rettleie kvarandre. Rektor kan til dømes leggje til rette for diskusjonar på møte og arbeid med lokale læreplanar gjennom året. Det er også mogleg at lærarane kan rapportere til rektor jamleg, eller rektor sjølv kan ha eit system for å følge med på framdrifta i det enkelte faget.

Med andre ord må rektor ha ei oversikt over progresjonen i opplæringa. Rektor seier at ho har tilgang til planane, men utover dette har ikkje rektor dokumentert om ho sikrar at elevane får opplæring i alle kompetansemåla.

Skulen har utarbeidd dokument som viser skulens framgangsmåte, og rektor må følge opp at framgangsmåten blir brukt i praksis. Det sentrale er at rektors framgangsmåte må sikre at eventuelle kompetansemål som ikkje blir gjennomgått vert fanga opp på eit tidspunkt som gjer det mogleg å ta att kompetansemål.

Rektor skal mellom anna gjennom trinnvise oppfølgingsmøte sikre at alle kompetansemåla er med. Denne framgangsmåten er ikkje følgt opp. Det er viktig at det er mogeleg å fange opp og korrigere opplæringa tidleg med tanke på å sikre at opplæringa i fag samla dekkjer alle kompetansemåla. I eigenvurderinga kommenterer rektor at dette punktet ikkje er følgt opp.

Fylkesmannen konkluderer med at rektor ikkje har sannsynleggjort ein framgangsmåte som sikrar at opplæringa samla dekkjer alle kompetansemåla.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt.

Kontrollspørsmål: Sikrar rektor at lærarane oppfyller elevanes rett til å kjenne til måla for opplæringa, og kva som blir vektlagt i vurderinga av elevanes kompetanse?

Under dette kontrollspørsmålet undersøker vi rektors sikring, det betyr at rektor må ha bestemt en fast framgangsmåte for korleis skulen skal oppfylle kravet om elevanes rett til å kjenne til måla for opplæringa og kva som blir vektlagt i vurderinga av elevanes kompetanse. Vidare må rektor følge opp at framgangsmåten blir brukt i praksis.

Vår observasjon

I innsendt dokumentasjon⁵ står det mellom anna følgjande under pkt. 1b Korleis får eleven kjennskap til mål for opplæringa: «Måla er lagt inn i vekeplanen og blir gjennomgått i løpet av timane kvar veke.(...)» og vidare «Mål for timen/økta/temaet blir skriftleggjort i klasserommet og gjennomgått munnleg. I samanhengar der elevane arbeider med individuelle planar, tverrfaglege oppgåver og prosjekt, ligg måla og vurderingskriteria synleggjort i arbeidsoppdraget.»

⁵ Lærdal kommune – Lærdalsøyri skule: Lærdalsøyri skule sitt arbeid med opplæring i fag.

I det same dokumentet er det i eit eige punkt (1c) sagt korleis elevane får kjennskap til kva som blir vektlagt i vurdering av deira kompetanse: «Vurderingskriterie i dei ulike faga og fagområde skal gjerast kjende for alle elevane i samband med gjennomgåing av mål for timen/perioden/arbeidsopplegget.»

Rektor svarar bekreftande på spørsmål i RefLex om rektor gir lærarane beskjed om at dei skal gjere elevane kjende med måla for opplæringa. Rektor kommenterer svaret med at det er ved «(...) fleire høve vist til tilsynspermen, der det står korleis elevane skal få kjennskap til mål for opplæringa.»

Rektor svarar òg bekreftande på spørsmål om rektor følgjer opp at lærarane gjer elevane kjende med måla. I kommentaren skriv rektor: «Eg har planlagt å ta det opp i komande medarbeidarsamtale. Desse samtalanane er lagt til mars/april.»

Vidare svarar rektor ja på spørsmål i RefLex om rektor gir lærarane beskjed om at dei skal gjere elevane kjende med kva som blir vektlagt i vurderinga av elevens kompetanse. Rektor kommenterer svaret med at i «(.) tilsynspermen som blir vist til ved fleire høve ligg ein mal kva som skal vere med i undervegsvurderinga.»

Rektor svarar nei på spørsmålet i RefLex om rektor følgjer opp at lærarane oppfyller elevens rett til å kjenne til kva som blir vektlagt i vurderinga av elevens kompetanse. I kommentaren skriv rektor: « Er ikkje komen i gang med oppfølgingsmøta. Forhandlinga knytt opp til bruk av Visma Flyt Skole medførte førebels stopp i føring av vurderingane.»

På spørsmål til lærarane om dei retteiar elevane om måla for opplæringa svarar alle lærargruppene bekreftande i RefLex.

Faggruppe i norsk kommenterer dette med «Gjennomgang av kompetansemål på 3-vekersplanane og munnleg i arbeidsøktene.»

Faggruppe i matematikk skriv i kommentaren at dei går gjennom 3-vekersplanane i klassane og «desse vert også hengt opp i klasseromma. For kvart nytt emne, går me gjennom læringsmåla i emna og skriv ned mål for timane på tavla. Både munnleg og skriftleg.»

Lærargruppe i kunst og handverk skriv i kommentaren at elevane får oppgåvetest med mål, når dei startar på ein ny periode/oppgåve. Dei viser til vedlagt dokument med broderioppgåve der det er sett opp læringsmål og vurderingskriterier. I kommentaren skriv lærarane i kunst og handverk at elevane skriv logg etter kvar undervisningstime, «(...) då vert elevane minna om kva mål dei har jobba med denne timen, og korleis dei føler dei har klart å gjennomføre timen i høve måla for arbeidsøkta. Lærar skriv stikkord på tavla med faguttrykk som er til hjelp.»

På spørsmål til lærargruppene svarar alle gruppene bekreftande på spørsmålet om dei retteiar elevane om kva dei vektlegg i vurderinga av kompetansen.

Lærargruppa i norsk skriv følgjande kommentar til spørsmålet: «Ved prøvar og skrive dagar får elevane utdelt vurderingskriterier.»

Lærargruppa i matematikk kommenterer svaret slik: «Ved prøvar snakkar me med elevane om kva nivå dei må ha i kompetansen for å få dei ulike karakterane, i samtale med elevar og i fagsamantale retteliar me elevane om kva me legg vekt på og korleis dei kan arbeide for å nå eit anna nivå. På alle tentamenar/årsprøvar har me same mal for heilheitsvurdering som vert nytta på eksamen. Denne går me gjennom med elevane i forkant av desse prøvane og gjennom året generelt.»

Lærarane i kunst og handverk kommenterer sitt svar slik: Elevane får oppgåvetekst med vurderingskriterier,(vedlegg: "broderioppgåve"). Elevane blir stadig minna (munnleg) om kva dei må gjere for å betre måloppnåinga si (både felles og ein til ein). I starten av kvart skuleår får elevane utdelt ei oversikt over vurdering og karaktersetting i kunst og handverk. Desse går me igjennom kvar haust med elevane, og dei har den i permen sin. (Vedlegg:"vurdering.")

Dei innleverte 3-årsplanane i dei tre faga inneheld alle kompetansemål frå læreplanen. Kompetansemåla er plassert på klasseteg, og det er opplyst om ulike arbeidsmåtar/organisering som elevane skal gjere. I treårsplanen for norsk og matematikk er ei kolonne med overskrifta «Vurdering». I treårsplanen for kunst og handverk er det i tillegg til vurdering også teke med måloppnåing, det vil seie «Vurdering/Måloppnåing»

- I norsk-planen er det mellom anna skrive «skriftlege innleveringar», «skriftlege prøver», «munnlege framføringar».
- I matematikk-planen er det ført opp «skriftlege prøvar», «munnlege prøvar», «skriftlege innleveringar», «munnlege framføringar» og «digitale presentasjonar»
- I kunst og handverk er det ført opp «samtalar / retteliing/ vurdering under vegg», «framover melding», «vurdering av det ferdige arbeidet» og «skriftleg prøve»

I samband med tilsynet har vi i vår spørjeskjemaundersøking stilt følgjande spørsmål til elevane på ungdomstrinnet: «Forklarer læraren kva som er måla i faget, slik at du forstår kva du skal lære?» Vi ber om svar om faga kunst og handverk, matematikk og norsk.

Samla fordeler svara seg slik:

<i>Forklarer læraren kva som er måla i faget, slik at du forstår kva du skal lære?</i>	
	%
Ja	66
Nei	32
Veit ikkje	2

Over halvparten av elevane meiner at læraren forklarar måla på ein slik måte at dei forstår kva dei skal lære, men vi ser òg at om lag ein tredjedel av elevane opplever at det er vanskeleg for dei å forstå kva dei skal lære.

Vidare stiller vi spørsmål om elevane får vite av læraren kva han/ho legg vekt på i vurdering av faget: «Får du vite kva læraren legg vekt på når arbeidet i faget blir vurdert?»

<i>Får du vite kva læraren legg vekt på når arbeidet i faget blir vurdert?</i>	
	%
Ja	77
Nei	23

Dei fleste elevane meiner at dei får vite kva læraren legg vekt på når han vurderer elevens arbeidet i faget, men også her opplever ein del elevar det som vanskeleg å vite kva læraren legg vekt på når arbeidet i faget blir vurdert.

Vår vurdering

At rektor skal sikre at skolen oppfyller et krav i regelverket, betyr at rektor må ha bestemt en fast framgangsmåte for korleis skulen skal oppfylle kravet om at elevane skal kjenne til måla for opplæringa, og kva som blir vektlagt i vurderinga av elevanes kompetanse. Det er også viktig at rektor følgjer opp skulens framgangsmåte.

For å få fram korleis lærarane kan formidle måla til elevane, kan rektor til dømes legge til rette for diskusjonar der lærarane kjem fram til måtar å formilde måla til elevane. Det som er lagt til grunn frå rektor si side er at det i skulens dokument (tilsynsperm) skal stå korleis elevane skal få kjennskap til mål for opplæringa og kva som blir vektlagt ved vurdering av kompetanse. Vi kan ikkje sjå at rektor har bestemt ein framgangsmåte som til dømes innehald diskusjonar om korleis formidling av måla for opplæringa til elevane skal skje og kva som blir vektlagt i vurderinga av elevanes kompetanse.

I vårt avslutningsbrev etter tilsynet i 2017 framheva vi spesielt rektor si oppfølging av lærarane når det gjaldt å sikre at lærarane tek i vare elevens rett til å kjenne til kva som er vektlagt i vurdering av elevane sin kompetanse i samband med utarbeiding og bruk av årsplanar. I dette tilsynet svarar rektor nei i eigenvurderinga om rektor følgjer opp at lærarane oppfyller elevens rett til å kjenne til kva som blir vektlagt i vurderinga av elevens kompetanse.

Rektor har mange måtar å følgje opp lærarane på. Til dømes kan det vere eit tema i medarbeidarsamtalar eller ved skulevandring. Sjølv om rektor no skriv at ho vil utføre gjennomgang av planar i samband med neste medarbeidarsamtale i mars/april 2020, kan vi heller ikkje konkludere med om rektor følgde dette opp i medarbeidarsamtalar i 2018 og i 2019. Det går heller ikkje fram om skuleeigar eller rektor gjennomfører til dømes skulevandring.

Lærarane må informere elevane om kva de vektlegg i vurderinga av kompetansen. Dette kan lærarane gjere gjennom å beskrive vurderingskriterium og kjenneteikn på måloppnåing. Dei nasjonale kjenneteikna på måloppnåing kan vere eit godt utgangspunkt, men desse er ofte generelt beskrivne. Lærarane bør difor konkretisere kjenneteikna og tilpasse læringsmåla

Utifrå elevsvara på spørjeundersøkinga ser det ut for at dei fleste elevane meiner at læraren forklarar måla i faga slik at du forstår kva du skal lære og at dei får vite kva læraren legg vekt på

ved vurdering av arbeidet i faga. Men ein del elevar meiner at lærarens forklaring av måla i faga og lærarens vurdering av kompetanse er vanskeleg.

Når lærarane ved Lærdalsøyri skule skriv om korleis dei rettleiar elevane om kva dei vektlegg i vurderinga av kompetanse, skjer dette gjerne i samband med prøver/skrivedagar, kva som krevst for å oppnå dei ulike karakterane i faga. Eksamenskriterier vert gjerne nytta i samband med tentamen/årsprøver. I kunst og handverk er det derimot utarbeidd vurderingskriterier i forhold til ei bestemt oppgåve. For norsk og matematikk kan vi ikkje sjå om det er utarbeidd liknande dokumentasjon, til dømes i samband med timen/perioden/arbeidsoppdrag.

Vi ser at skulen har utarbeidd framgangsmåtar i innleverte dokument som viser både korleis elevane skal bli kjende med måla for opplæringa og korleis elevane skal få kjennskap til kva som vert lagt vekt på ved vurderinga av kompetansen, men vi kan likevel ikkje konkludere med at rektor følgjer opp dette. Rektor svarar også negativt på dette i eigenvurderinga. I tillegg legg vi merke til at det er skilnader i eigenvurderingane mellom dei faga vi har undersøkt.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt

2.2 Undervegsvurdering for å auke elevanes læringsutbytte

2.2.1 Rettslege krav

Elevane skal få tilbakemeldingar på kva dei meistrar, og rettleiing i kva dei må gjere for å auke kompetansen sin.

Vurderinga undervegs i opplæringa skal gi tilbakemelding og rettleiing til eleven, jf. forskrift til opplæringslova §§ 3-2 og 3-11. Undervegsvurdering skal bidra til at eleven aukar sin kompetanse i fag og ferdigheiter, jf. forskrifta § 3-11. Undervegsvurderinga skal givast løpande og systematisk. Ho kan både vere skriftleg og munnleg, skal innehalde grunnleggjande informasjon om kompetansen til eleven og skal givast med sikte på fagleg utvikling. Rektor må følgje opp at elevane får slik tilbakemelding.

Elevane skal involverast i vurderinga av eige læringsarbeid.

Elevane skal delta aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eiga fagleg utvikling, jf. forskrift til opplæringslova § 3-12. Lærarane må sørge for at elevane blir involverte i dette. Eleven si eigenvurdering er ein del av undervegsvurderinga. Rektor må følgje opp at lærarane involverer elevane i vurderinga av eige arbeid.

2.2.2 Fylkesmannens observasjonar, vurderingar og konklusjonar

Kontrollspørsmål: Følgjer rektor opp at lærarane gir elevane tilbakemelding på kva dei meistrar, og rettleiar elevane om kva dei må gjere for å auke kompetansen sin?

Når rektor skal følgje opp at skulen oppfyller eit krav i regelverket, betyr dette at rektor må kontrollere at lærarane følger skulens framgangsmåte. Under dette kontrollspørsmålet

undersøker vi om rektor kontrollerer at lærarane gir elevane tilbakemelding på kva dei meistarar, og at dei rettleiar elevane om kva dei må gjere for å auke kompetansen.

Vår observasjon

I kommunens tilbakemelding etter tilsyn i 2017 går det fram at rektor vil gjennomføre stikkprøver av vekeplanar gjennom heile året, men det går ikkje fram om det er spesielle forhold rektor ville kontrollere, til dømes i skuleåret 2018-2019 eller 2019-2020.

Rektor svarar bekreftande på spørsmål i RefLex om rektor kontrollerer at lærarane gir elevane tilbakemelding på kva dei meistarar. Rektor gir denne kommentaren: «Det er utarbeidd ein mal som lærarane skal bruke i samband med elev- og foreldresamtalar og halvårsvurdering utan karakter. I malen er det eigen rubrikk for korleis eleven kan auke kompetansen. Viser til Tilsynspermen.»

Skulen har levert inn skjema⁶ med mal for undervegsvurdering inkludert fagsamtalen der lærarar skal føre opp kompetansemål, vurderingskriterium, meistarar og korleis eleven kan auke kompetansen eller bli betre.

Alle lærargruppene svarar bekreftande på spørsmål om dei gir elevane tilbakemeldingar om kva dei meistarar.

Lærargruppa i norsk skriv følgjande kommentar til spørsmålet: «Etter skrive dagar får elevane alltid ein tilbakemelding om kva dei må jobbe vidare med for å auke kompetansen.»

Lærargruppa i matematikk kommenterer sitt svar på denne måten: « I elevsamtalen midt i semesteret, vil elevane få ein peikepinn på kva dei må jobbe vidare med innanfor dei ulike emna for å auke kompetansen i faget. Her er det naturleg å nytte kartleggingsprøvene som ein del av grunnlaget for tilbakemeldinga. M- prøvane og Alle Teller. Jamfør plan for kartlegging, nasjonale prøvar og tentamenar i 8.-10.klasse.»

Lærargruppa i form og kunst og handverk kommenterer dei svaret slik: «Elevane får munnlege tilbakemeldingar under arbeidsprosessen sin i timane, og skriftlege tilbakemeldingar på den skriftlege delen dei leverer når oppgåvene er ferdige. Til foreldresamtalane leverer me skriftlege vurderingar til kontaktlærarane, der det står kva eleven må jobbe med for å auke læringsutbytte sitt.»

Rektor svarar òg bekreftande på spørsmål om rektor kontrollerer at lærarane rettleiar elevane om kva dei må gjere for å auke kompetansen. I kommentaren skriv rektor: «Det er utarbeidd ein mal som lærarane skal bruke i samband med elev- og foreldresamtalar og halvårsvurdering utan karakter. I malen er det eigen rubrikk for korleis eleven kan auke kompetansen. Viser til Tilsynspermen.»

⁶ Lærdal kommune- Lærdalsøyri skule: Undervegsvurdering

Alle lærargruppene svarar òg bekreftande på spørsmålet om dei gir elevane tilbakemeldingar om kva dei må gjere for å auke kompetansen sin.

Lærargruppa i norsk skriv følgjande kommentar til sitt svar: «Etter skrive dagar får elevane alltid ein tilbakemelding om kva dei må jobbe vidare med for å auke kompetansen.»

Lærargruppa i matematikk kommenterer sitt svar på denne måten: «Elevsamtalen midt i semesteret, vil elevane få ein peikepinn på kva dei må jobbe vidare med innanfor dei ulike emna for å auke kompetansen i faget. Her er det naturleg å nytte kartleggingsprøvene som ein del av grunnlaget for tilbakemeldinga. M- prøvane og Alle Teller. Jamfør plan for kartlegging, nasjonale prøvar og tentamer i 8.-10.klasse.»

Lærargruppa i form og kunst og handverk kommenterer dei slik: Elevane får munnlege tilbakemeldingar under arbeidsprosessen sin i timane, og skriftlege tilbakemeldingar på den skriftlege delen dei leverer når oppgåvene er ferdige. Til foreldresamtalane leverer me skriftlege vurderingar til kontaktlærarane, der det står kva eleven må jobbe med for å auke læringsutbytte sitt.

I vår spørjeskjemaundersøking stiller vi følgjande spørsmål til elevane: «Fortel læraren deg undervegs i opplæring kva du får til i faget?» Vi ber om svar i forhold til faga kunst og handverk, matematikk og norsk.

Samla fordelte svara seg slik:

<i>Fortel læraren deg undervegs i opplæring kva du får til i faget ?</i>	
	%
Ja	55
Nei	45
Veit ikkje	0

Vi ser at 45 % av elevane svarar at dei meiner at læraren ikkje fortel dei undervegs kva dei får til i faget.

Vidare stiller vi spørsmål til elevane om læraren snakkar med elevane undervegs i opplæringa om kva han/ho må gjere for å bli betre i faget.

Samla fordelte svara seg slik:

<i>Snakkar læraren med deg undervegs i opplæringa om kva du må gjere for å bli betre i faget?</i>	
	%
Ja	70
Nei	30
Veit ikkje	0

Vi ser at ca. ein tredjedel av elevane meiner at læraren ikkje snakkar til dei undervegs om kva dei må gjere for å bli betre i faget.

Vår vurdering

Under dette kontrollspørsmålet undersøker vi rektors kontroll av lærarane, det vil seie om dei følgjer skulens framgangsmåte.

Undervegsvurderinga er todelt. Ho skal gi informasjon om eleven sin kompetanse og rettleiing om korleis eleven kan auke kompetansen. Tilbakemeldinga til elevane må difor vere tydeleg kva læraren forventar av eleven i forhold til læringsmål/ferdigheiter. For at elevane skal kunne auke kompetansen sin, må dei undervegs få vite korleis dei ligg an. Det er særleg viktig at lærarane klarer å forklare elevane på ein forståeleg måte kva dei må gjere for å bli betre, det vil seie å auke si måloppnåing.

Dersom vi ser kva skulen svarar på spørsmåla i ReFlex, varierer dette frå at rektor viser til malar i skulens «tilsynsperm», det vil seie malar for elev- og foreldresamtalar og halvårsvurdering. Lærarane sine svar viser ulikheiter om korleis lærarane i faga gir tilbakemelding til elevane på kva dei meistar og kva elevane kan gjere for å bli betre. Norskklærarane viser til tilbakemelding etter skrivedagar, matematikk framhevar tilbakemelding midt i semesteret og lærarane i kunst og handverk framhevar rettleiing under arbeidsprosessen.

I spørjeundersøkinga svarar ca. ein tredjedel av elevane at læraren ikkje fortel dei undervegs kva dei får til i faget og kva dei må gjere for å bli betre. Då lærarane i tillegg svarar ulikt i sine eigenvurderingar, kan dette tyde på at rektor ikkje kontrollerer skulens framgangsmåte, det vil seie om elevane undervegs faktisk får tilbakemelding på kva dei meistar, og om lærarane faktisk rettleiar elevane om kva dei må gjere for å auke kompetansen.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt

Kontrollspørsmål: Følgjer rektor opp at lærarane involverer elevane i vurderinga av eige læringsarbeid?

Når rektor skal følgje opp at skulen oppfyller eit krav i regelverket, betyr dette at rektor må kontrollere at lærarane følgjer skulens framgangsmåte. Under dette kontrollspørsmålet undersøker vi om rektor kontrollerer at lærarane involverer elevane i vurderinga av eige læringsarbeid.

Vår observasjon

I skulens dokument ⁷ står følgjande under læringsfremjande undervegsvurdering: « 4. Elevane skal vere involvert i eige læringsarbeid ved blant anna å vurdere eige arbeid og utvikling.»

Rektor svarar bekreftande på spørsmål i RefLex om rektor kontrollerer at lærarane involverer elevane i vurderinga av eige læringsarbeid. Rektor gir denne kommentaren: «Eigenvurdering ligg inne som eige punkt i vurderingsoversikten vår. Eg kan sjekke det i årsplanar og vekeplanar. Eg har ikkje fylgt dette opp i møter.»

⁷ Lærdal kommune- Lærdalsøyri skule: Undervegsvurdering

Alle lærargruppene svarar bekreftande på spørsmål om dei involverer elevane i vurderinga av eige læringsarbeid.

Lærargruppa i norsk skriv følgjande kommentar til spørsmålet: «Nyttar eige eigenvurderingsskjema etter skrive dagar, og læreverket sine eigenvurderingsskjema. (Kontekst).»

Lærargruppa i matematikk kommenterer sitt svar slik: « I elevsamtalen midt i semesteret vil elevane kunne seie noko om sitt eiga læringsarbeid. Eigenvurdering knytt opp mot lekseprøvar, kvarandrevurdering og refleksjon i etterkant av kva dei må bli betre på.»

Lærargruppa i form og kunst og handverk kommenterer dei svaret slik: «Munnlege tilbakemeldingar undervegs i elevane sitt arbeid. Elevane får eigenvurderingsskjema der dei skal vurdere seg sjølv. Der skal dei seie noko om kva dei kan, og kva dei meiner dei bør jobbe meir med for å bli betre. Læraren kan kommentere skriftleg eller munnleg på skjema etterpå. (vedlegg: "vurderingsark...") 2 faste fagsamtalar i løpet av skuleåret, og ved behov. Elevane leverer alltid ein skriftleg del etter endt oppgåve, her skal dei vurdere seg sjølv og arbeidet dei har gjort. (vedlegg: "skrifteleg del")»

I den innleverte dokumentasjonen er det utarbeidd skjema for fag som elevane skal fylle ut i form av skriftleg eigenvurdering.

I faget kunst og handverk skal både elev og lærar skal gi si vurdering i forhold til bestemte oppgåvekrav.

I faget norsk skal eleven gi eigenvurdering i faget for vår og haust, der det er stilt spørsmål: «Korleis vil du skildre eigeninnsatsen din i norsk?» «Kva kan du gjere for å bli betre i faget? Kom med konkrete forslag», «Korleis jobbar du med tilbakemeldingane etter skrive dagar og framføringar?» og «Korleis vil du vurdere deg sjølv i norsk? Grunnge..»

I vår spørjeskjemaundersøkinga stiller vi spørsmål til elevane om eigenvurdering: «Får du vere med og vurdere arbeidet ditt i faget, til dømes korleis du har gjort det i ei oppgåve, ei framføring eller eit prosjekt» og «Får du vere med og vurdere korleis du utviklar deg i faget gjennom skuleåret?»

Samla fordeler svara seg slik:

<i>Får du vere med og vurdere arbeidet ditt i faget, til dømes korleis du har gjort det i ei oppgåve, ei framføring eller eit prosjekt ?</i>	
	%
Ja	50
Nei	50
Veit ikkje	0

<i>Får du vere med og vurdere korleis du utviklar deg i faget gjennom skuleåret ?</i>	
	%
Ja	50
Nei	50
Veit ikkje	0

Halvparten av elevane svarar at dei ikkje meiner at dei får vere med å vurdere eige læringsarbeid, Vidare meiner også halvparten av elevane at dei ikkje får vere med å vurdere korleis dei utviklar seg i faget gjennom skuleåret.

Vår vurdering

Under dette kontrollspørsmålet undersøker vi rektors kontroll av lærarane, det vil seie at dei følgjer skulens framgangsmåte.

Eleven skal delta i vurderinga av sitt eige arbeid, eigen kompetanse og eiga faglege utvikling. Eigenvurdering er ei moglegheit for eleven til å få eit bevisst forhold til eiga læring og utvikling for å utvikle læringsstrategiar og kritisk tenking. Det vil gjere eleven i stand til å auke kompetansen sin. Det er viktig at lærarane legg til rette for at eleven får moglegheit til eigenvurdering. I praksis betyr det at eleven skal få delta i vurderinga av eige skriftleg og praktisk arbeid og i munnlege framføringar og presentasjonar ut frå kompetansemåla og karakternivå. Eleven skal få vere med å vurdere sitt faglege arbeid og utviklinga av kompetansen gjennom ein litt lengre periode. Det er mange måtar å involvere elevane i eige læringsarbeid på. Rektor er ansvarleg for at lærarane gjer dette.

Rektor skriv at eigenvurdering er eit eige punkt i vurderingsoversikten til skulen. Med andre ord har skulen bestemt ein framgangsmåte om at ein skal involvere elevane i eige læringsarbeid, men rektor skriv at ho ikkje har følgd opp dette.

Når vi ser lærarane sine kommentarar, ser vi også her at faglærarane svarar ulikt på korleis dei involverer elevane i eige læringsarbeid. Norsklærarane viser til tilbakemelding i form av eigenvurderingsskjema etter skrive dagar, matematikk framhevar tilbakemelding midt i semesteret i tillegg til eigenvurdering i forhold til oppgåver som til dømes lekseprøver og kvarandrevurdering. Lærarane i kunst og handverk framhevar rettleiing under arbeidsprosessen, men at dei også involverer elevane etter ein arbeidsprosess. Med andre ord viser lærarane i kunst og handverk konkret korleis dei praktiserer elevinvolvering, Vi forstår dette slik at lærarane i kunst og handverk har ei tettare eigenvurdering, det vil seie undervegs og etter ein avslutta arbeidsprosess i form av både lærarvurdering og elevvurdering.

Omtrent halvparten av elevane svarar nei både på spørsmål om involvering av vurdering i bestemte aktivitetar som ein framføring eller eit prosjekt, og om dei får vere med å vurdere korleis dei utviklar seg gjennom skuleåret.

Vi ser at skulen har eigenvurdering som eit punkt i skulens vurderingsoversikt, men vi kan ikkje konkludere med at rektor kontrollerer i kva grad dette skjer, det vil seie om eleven faktisk blir involvert i eige læringsarbeid/oppgåver/prosjekt, eller i kva grad elevinvolvering også skjer gjennom heile skuleåret.

Vi kan heller ikkje sjå bort frå at halvparten av elevane svarar nei på spørsmåla i vår spørjeskjemaundersøking om dei blir involvert i eige læringsarbeid.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt

2.3 Halvårsvurdering

2.3.1 Rettslege krav

Elevane skal frå og med 8. årstrinn få halvårsvurdering midt i opplæringsperioden i alle fag og på slutten av opplæringsåret i fag som ikkje er avsluttande.

Elevane skal få halvårsvurdering utan karakter gjennom heile grunnopplæringa. Frå og med 8. årstrinn skal halvårsvurdering både med og utan karakter gjennomførast midt i opplæringsperioden og på slutten av opplæringsåret dersom faget ikkje blir avslutta, jf. forskrift til opplæringslova § 3-13. Halvårsvurderinga med og utan karakter skal reflektere den same kompetansen. Rektor må følgje opp at lærarane gjennomfører halvårsvurderingar på riktig tidspunkt.

I halvårsvurderinga skal elevane få informasjon om sin kompetanse i faga og rettleiing om korleis dei kan auke kompetansen sin.

Halvårsvurderinga er ein del av undervegsvurderinga og skal uttrykkje eleven sin kompetanse knytt til kompetansemåla i læreplanen, jf. forskrift til opplæringslova § 3-13. Halvårsvurderinga skal også gi rettleiing i korleis eleven kan auke kompetansen sin. Vurderinga kan vere både skriftleg og munnleg. Rektor må følgje opp at lærarane gjennomfører halvårsvurderingar med eit innhald som er i samsvar med forskrifta.

2.3.2 Fylkesmannens observasjonar, vurderingar og konklusjonar

Kontrollspørsmål: Følgjer rektor opp at faglærarane frå og med 8. årstrinn gir elevane halvårsvurderinga utan karakter midt i opplæringsperioden og på slutten av opplæringsåret i fag som ikkje blir avslutta?

Når rektor skal følgje opp at skulen oppfyller eit krav i regelverket, betyr dette at rektor må kontrollere at lærarane følger skulens framgangsmåte. Under dette kontrollspørsmålet undersøker vi om rektor kontrollerer at faglærarane frå og med 8. årstrinn gir elevane halvårsvurderinga utan karakter midt i opplæringsperioden og på slutten av opplæringsåret i fag som ikkje blir avslutta.

Vår observasjon

I skolens dokument⁸ er det med eit eige punkt om halvårsvurdering. Her går det fram at halvårsvurdering er ein del av undervegsvurderinga. Det går fram at halvårsvurdering med karakter gjeld 8.-10. klasse og at i ungdomsskulen gjev dei halvårsvurdering utan karakter før halvårsvurdering med karakter.

Rektor svarar bekreftande på spørsmålet i RefLex om rektor følgjer opp at faglærarane frå og med 8. årstrinn gir elevane halvårsvurderinga utan karakter midt i opplæringsperioden. Rektor kommenterer svaret med at dei har «(..)fagsamtale muntleg i tidsrommet 2.-14. januar før halvårsvurdering med karakter vert sett.» Rektor viser også til vurderingsoversikten i skolens tilsynsperm.

Alle lærargruppene svarar bekreftande på spørsmålet om dei gir elevane frå og med 8. årstrinn halvårsvurdering utan karakter midt i opplæringsperioden.

Lærargruppa i norsk skriv følgjande kommentar til spørsmålet: «Munnleg tilbakemelding i fagsamtale januar og mai, nær opp til terminslutt.»

Lærargruppa i matematikk kommenterer: «Munnleg tilbakemelding i fagsamtale i januar og mai. Tett opp til terminslutt. Skjema for undervegsvurdering side 14 tilsynsrapporten.»

Lærargruppa i kunst og handverk skriv i kommentaren at dei har «2 faste fagsamtalar i januar og juni.»

Rektor svarar også bekreftande på spørsmålet i RefLex om rektor følgjer opp at faglærarane frå og med 8. årstrinn gir elevane halvårsvurderinga utan karakter på slutten av opplæringsåret i fag som ikkje blir avslutta. Rektor skriv i kommentaren: «Lærarane har fagsamtaler med elevane (gjeld 8. og 9. klasse) i tidsrommet 5. -19. juni før halvårsvurdering med karakter vert sett. Viser til Tilsynspermen.»

Alle lærargruppene svarar bekreftande på spørsmålet om dei gir elevane frå og med 8. årstrinn halvårsvurdering utan karakter på slutten av opplæringsåret i fag som ikkje blir avslutta.

Lærargruppa i norsk har følgjande kommentar: «Eleven får munnleg tilbakemelding gjennom fagsamtale på slutten av opplæringsåret.»

Lærargruppa i matematikk viser til kommentaren under førre spørsmål, det vil seie at elevane får munnleg tilbakemelding i fagsamtale mai og tett opp til terminslutt.

Lærargruppa i kunst og handverk skriv følgjande kommentar: «Fagsamtalane på slutten av opplæringsåret fokuserer me på kva eleven meistarar og kva eleven må jobbe vidare med for å heve måloppnåinga si kommande skuleår.»

⁸ Lærdal kommune- Lærdalsøyri skule: Undervegsvurdering

Vår vurdering

Elevane har krav på undervegsvurdering utan karakter midt i opplæringsperioden. Kravet gjeld også der faget er organisert over kortare tid enn eit heilt skuleår. Halvårsvurdering utan karakter skal vere såpass nær halvårsvurdering med karakter at vurderingsgrunnlaget er likt.

På bakgrunn av det som kjem fram i svara frå rektor og faglærargruppene, finn vi at skulens framgangsmøte tek i vare dette kravet og at dette også vert praktisert. Vi konkluderer med at rektor har kontroll på dette aspektet ved halvårsvurderinga, det vil seie at halvårsvurdering utan karakter og med karakter er såpass nær i tid at vurderingsgrunnlaget vil vere likt.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket er oppfylt.

Kontrollspørsmål: Følgjer rektor opp at faglærarane i halvårsvurderinga gir elevane informasjon om elevanes kompetanse og rettleiing om korleis elevane kan auke kompetansen?

Når rektor skal følgje opp at skulen oppfyller eit krav i regelverket, betyr dette at rektor må kontrollere at lærarane følger skulens framgangsmåte. Under dette kontrollspørsmålet undersøker vi om rektor kontrollerer at faglærarane frå og med 8. årstrinn gir elevane informasjon om elevanes kompetanse og at elevane får rettleiing om korleis dei kan auke sin kompetanse i halvårsvurderinga.

Vår observasjon

I skulens dokument om undervegsvurdering⁹ går det fram at halvårsvurderinga er ein del av undervegsvurderinga.

Rektor svarar bekreftande på spørsmålet i RefLex om rektor følgjer opp at faglærarane i halvårsvurderinga gir elevane informasjon om elevanes kompetanse. I kommentaren skriv rektor: «Det er utarbeidd ein rutine og mal for undervegsvurdering der det er ein eigen rubrikk for kva elevane meistrar. Alle lærarane skal bruke denne malen.»

Alle lærargruppene svarar bekreftande på spørsmålet om dei i halvårsvurderinga gir elevane informasjon om elevanes kompetanse.

Lærargruppa i norsk kommenter svaret slik: «Elevane blir vurdert med karakter som seier kor høg kompetanse den har. Elevane er på førehand informert skriftleg om kva kompetanse dei ulike talkarakterane skildra.»

Lærargruppa i matematikk viser til kommentaren i tidlegare spørsmål, det vil seie at elevane får munnleg tilbakemelding i fagsamtale mai og tett opp til terminslutt.

Lærargruppa i kunst og handverk har dette kommentaren: «Ja, i fagsamtalen snakkar me om kva eleven meistrar, og kva eleven må jobbe vidare med for å auke kompetansen.»

⁹ Lærdal kommune- Lærdalsøyri skule: Undervegsvurdering

Rektor svarar òg bekreftande på spørsmålet i RefLex om rektor følgjer opp at faglærarane i halvårsvurderinga gir elevane rettleiing om korleis dei kan auke kompetansen sin. I kommentaren skriv rektor: «Det er utarbeidd ein mal for undervegsvurdering der det er ein eigen rubrikk for korleis elevane kan auke kompetansen sin/bli betre. Alle lærarane skal bruke denne malen.»

Lærarane svarar bekreftande på spørsmål om dei i halvårsvurderinga gir elevane rettleiing i om korleis dei kan auke kompetansen sin.

Lærargruppa i norsk kommenter: «Elevane blir munnleg informert om kva som skal til for å auka kompetansen i fagsamtalen i førekant av halvårsvurderinga med karakter.»

Lærargruppa i matematikk viser til kommentar til tidlegare spørsmål, det vil seie at elevane får munnleg tilbakemelding i fagsamtale mai og tett opp til terminslutt.

Lærargruppa i kunst og handverk skriv i sin kommentar: «2 faste fagsamtalar i januar og juni»

I vår spørjeskjemaundersøking stiller vi spørsmål til elevane om innhaldet i dei individuelle elevsamtalane, det vil seie at vi spør om læraren fortel dei om kva dei får til i faget og om læraren fortel dei kva dei bør gjere for å bli betre i faget.

Samla fordeler svara seg slik:

<i>Tenk på samtalen du har med læraren/kontaktlæraren din kvart halvår: Fortel læraren deg i denne samtalen kva du får til i faget?</i>	
	%
Ja	91
Nei	9
Veit ikkje	0

<i>Tenk på samtalen du har med læraren/kontaktlæraren din kvart halvår: Snakkar læraren med deg i denne samtalen om kva du bør gjere for å bli betre i faget?</i>	
	%
Ja	84
Nei	6
Veit ikkje	0

Dei fleste elevane svarar bekreftande på om læraren i den halvårlege elevsamtalen fortel dei kva dei får til i faget og at læraren også snakkar med dei om kva dei bør gjere for å bli betre i faget.

Vår vurdering

Under dette kontrollspørsmålet undersøker vi om rektor kontrollerer om faglærarane gjennomfører halvårsvurderingar som inneheld både informasjon om eleven sin kompetanse og ei rettleiing om korleis eleven kan auke kompetansen sin. Skildringa og rettleiinga av elevane må vere konkret og individuell og skal spegle grunnlaget for talkarakteren.

Rektor viser til at skulen har ein mal for den halvårlege elevsamtalen som inneheld relevante moment og det går også fram at lærarane nyttar denne malen. Elevane svarar òg positivt på om læraren i elevsamtalen gir dei informasjon om kva dei får til i faget og at læraren snakkar med dei om kva dei bør gjere for å bli betre i faget.

I tilbakemeldinga etter tilsynet i 2017 skreiv kommunen at rektor via Visma Flyt skole¹⁰ ville kontrollere halvårsvurderingar, men utan at det går fram om det er spesielle forhold rektor vil kontrollere. Bortsett frå at det er utarbeidd skjema for halvårsvurdering kan vi ikkje sjå om rektor faktisk kontrollerer halvårsvurderingar og om rektor kontrollerer spesielle forhold i vurderingane. Vi kan heller ikkje konkludere med om rektor har bestemt korleis lærarane sin informasjonen og rettleiinga til elevane skal formidlast, særleg med tanke på at desse skal vere konkret og individuell, og samstundes spegle grunnlaget for talkarakteren.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt

3 Pålegg om retting

Vi har funne at de ikkje etterlever regelverket på alle område. Vi pålegg dykk om å rette opp følgjande, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova § 30-4:

Opplæring i og formidling av kompetansemål

1. Kommunen må sørge for at skulen oppfyller krava til opplæring i og formidling av kompetansemål, jf. opplæringslova § 2-3 fjerde ledd, jf. forskrift til opplæringslova §§ 1-1 og 3-1 fjerde ledd. Kommunen må sørge for at:

- a. Rektor sikrar at opplæringa samla dekker alle kompetansemåla.
- b. Rektor sikrar at lærarane oppfyller elevanes rett til å kjenne til måla for opplæringa, og kva som blir vektlagt i vurderinga av elevanes kompetanse.

Underevgsvurdering for å auke elevanes læringsutbytte

2. Kommunen må sørge for at skulen gir underevgsvurdering som bidreg til at elevane når måla for opplæringa, jf. forskrift til opplæringslova §§ 3-1 fjerde ledd og 3-2 første ledd, jf. § 3-11 første og andre ledd. Kommunen må sjå til at:

- a. Rektor følger opp at lærarane gir elevane tilbakemelding på kva dei meistrar, og rettleiar elevane om kva dei må gjere for å auke sin kompetanse.
- b. Rektor følger opp at lærarane involverer elevane i vurderinga av eige læringsarbeid.

Halvårsvurdering

3. Kommunen må sørge for at skulen gir halvårsvurdering til elevane, jf. forskrift til opplæringslova § 3-13. Kommunen må sørge for at:

- a. Rektor følger opp at faglærarane i halvårsvurderinga gir elevane informasjon om elevanes kompetanse og rettleiing om korleis elevane kan auke kompetansen.

¹⁰ Visma Flyt Skole er ei skyløsning for skuleadministrasjon i grunnskulen.

3.1 Oppfølging av pålegga

De skal setje i verk tiltak for å rette brot på regelverket straks. Når pålegga er retta, skal de erklære at rettinga er gjennomført og gjere greie for korleis de har retta.

Fristen er 12. oktober 2020.

Vi vil ikkje avslutte tilsynet før de gjennom erklæringa og utgreiinga har vist at pålegga er retta.

Når vi avsluttar tilsynet, vil vi utarbeide eit informasjonsskriv for elevar og foreldre som summere opp tilsynet og kommunens tiltak.

4 Kommunen har rett til å klage

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b. De kan klage på enkeltvedtaket.

Dersom de klagar, må de gjere det innan tre veker. Fristen gjeld frå beskjed om at brevet har komme fram til dykk, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De sender klagen til oss. Vi har moglegheit til å gjere om vedtaket. Dersom vi ikkje er einige med dykk, sender vi klagen til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis de skal utforme klagen.

De kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klagen er endeleg avgjord av Utdanningsdirektoratet, jf. forvaltningslova § 42.

De er part i saka og har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Leikanger 16. 06. 2020

Helge Pedersen
tilsynsleiar

Lill Mona Solberg
seniorrådgjevar

Vedlegg: Dokumentasjonsgrunnlaget

Skulens arbeid med elevanes utbytte av opplæringa

Innsendte dokument frå Lærdalsøyri skule

- Eigenvurdering via RefLex frå rektor, lærarar på ungdomstrinnet i faga kunst og handverk, norsk og matematikk
- Rektor
 - Planleggingsdag 15.08.2019
 - Lærdalsøyri skule sitt arbeid med opplæring i fag
 - Vurderingsoversikt for Lærdalsøyri skule
 - Undervegsvurdering
- *Kunst og handverk*
 - 3 årsplan for kunst og handverk Lærdalsøyri skule ungdomsskulen
 - Broderi - Framtidsby/ arkitektur Kunst og handverk 8. klasse 2019/2020
 - Skriftleg del i kunst og handverk
 - Vekeplan 10. klasse veke 4- 2019
 - Vurdering og karaktersetting i kunst og handverk 2019-2020
 - Vurderingsark i kunst og handverk USK
 - Vurderingsskjema kniv og slire 2019-2020
 - Årsplan i kunst og handverk for 9.klasse 2019/ 2020
- *Norsk*
 - Lokal 3-årsplan i norsk for ungdomssteget
 - Eigenvurdering norsk vår og haust 20__
 - Opplysning frå lærar kor dei (elevane) finn årsplanar og treårsplanar i norsk på skulens heimeside
- *Matematikk*
 - Lokal 3-årsplan i matematikk 8.-10.kl
 - Pensumsliste brøk 2020
 - Årsplan matematikk 8.klasse, skuleåret 2019-20